



Kjære Lionsvenner

Då er tulipanaksjonen over og eg vil retta ein varm takk til alle klubbar og medlemmer som deltok på ein eller annan måte. Ser på sosiale media at mange Lions-klubbar har markert seg godt over heile landet. Me har vore synlege og verkeleg fått ut budskapet om at:

«Det er betre å bygge barn enn å reparere vaksne»

Som de veit så er tulipanaksjonen det økonomiske grunnlaget for at «Mitt Valg» kan tilby gratis kurs til både skular, barnehagar og idrettslag. Tulipanfondet tar no 2/3 av kostnadane og Lions-klubben 1/3 som tidlegare. Tulipanaksjonen er også ei fin inntektskjelde for klubbane og inntektene bør brukast på førebyggjande barne- og ungdomsarbeid i nærmiljøet. Har klubben aktivitetar retta mot barn og unge kan ein søkja om støtte frå Tulipanfondet på eit eige skjema.

Den tida me går inn i no, er ei fin tid til å ta kontakt med både nye og tidlegare brukarar av «Mitt Valg» Det er no skular og barnehagar legg planane for neste år. Det er ikkje meininga at me som Lionsmedlemmer skal vera seljarar. Me skal berre vera «dørøpnarar» og så vil kvalifiserte instruktørar ta seg av salet. Ta gjerne nokre telefonar til potensielle kundar og spør om at dei kan setja av ein halvtime til meir informasjon om «Mitt Valg»

Les meir om programmet her: <https://www.determinnvalg.no/>

Stadig fleire barn og unge kjenner på utanforskap. Mange av desse stengjer seg inne på romma sine med tunge tankar, kanskje i fleire år. For nokre blir livet rett og slett for vanskeleg å leva. Mobbing og utanforskap heng tett saman og begge påverkar den psykiske helsa. Det å bli utestengd frå fellesskapet kan føre til einsamheit, liten motivasjon for skulearbeidet, låg sjølvkjensle, sosial angst og rusmisbruk.

Programmet «Mitt Valg» har som mål å førebyggja nettopp desse utfordringane ved å styrkja den sosiale og emosjonelle kompetansen til barn og unge. «Mitt Valg» bidrar til å skapa eit inkluderande klasse- og idrettsmiljø der alle kjenner seg sett og verdsette, Programmet gir konkrete verktoy for å styrka fellesskapet og redusera risikoen for at nokon fell utafør.

Barn og unge er framtida. Me i Lions kan gjera ein forskjell for desse og bidra til at færre kjenner på utanforskap. Det dei lærer gjennom «Mitt Valg» gjev dei kompetanse til å ta gode val både no og seinare i livet.

Fint om klubben din kan setja av litt tid til «Mitt Valg» på neste klubbmøte.

Lions sitt mål er å bygge trygge og sjølvstendige born. Ta gjerne kontakt med undertteikna eller distriktet ditt sin LQC (Lions Quest Koordinator) dersom de ønskjer hjelp eller meir informasjon.

Lionshelsing frå

Gunnhild Rein Almås

MD- LQC

gunnhild.almaas@lions.no Telefon: 90 79 67 47

